



jentene fekk ein knallstart i Norway Cup. (Foto: Rosendal Turnlag si heimeside)

Jentelaget til Rosendal/Uskedal spela opp til dei store førehandsforventningane då dei vann opningskampen heile 5-0. Kampen gjekk på Ekebergssletta kl. 09.00 søndag og var mot Falkeid.

Laget vårt var klart betre enn rogalandslaget, og vår melder fortel at banens gigant var Rosendal/Uskedal sin kretsagsspelar, Linn Tveiten.

Ho scora også to av måla. Uskedalsjenta Anette Sandnes markerte seg og svært positivt. Ho vart og tomålsscorar.

Siste målet vart sett inn av Marie helen Raudstein. Elles vert det meldt om at det var ein lagsiger som heile laget kan vera stolte av.

Det vert spanande å følgja laget utover i veka. I morgon er Sokndal motstandar medan Arnadal/Vear er på motsett banehalvdel tirsdag.

Arnadal/Vear og Sokndal har spela uavgjort 1-1. Dermed er Rosendal/Uskedal puljeleiar så langt.

Av Thor Inge Døssland